



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Sektor oppvekst

KVINNHERAD KOMMUNE/Ølve barnehage  
Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Signy Aarre Prestnes	916 43 379	2026/3234-1		13.04.2026

## Risikovurderingsområde- Bemanning og forsvarleg drift

### 1. Bakgrunn og formål

Kvinnherad kommune gjennomfører i 2026 ei systematisk eigenvurdering av bemanning og forsvarleg drift i alle kommunale og private barnehagar. Arbeidet vert gjennomført på bakgrunn av:

- **Lov om barnehagar §§ 24 - 26 og § 30**, lovkrav om bemanning og forsvarleg drift, samt politiattest.
- **Utdanningsdirektoratet sin rettleiar om tilstrekkeleg bemanning (2025)**, som presiserer kva som ligg i kravet til tilstrekkeleg bemanning etter barnehagelova.
- **Statsforvalteren i Vestland si risikovarsling (januar 2026)**, som peikar på bemanning i barnehagane som eit prioritert område for tilsyn og risikovurdering.

Med utgangspunkt i denne informasjonen vurderer Kvinnherad kommune at bemanning er eit sentralt risikoområde, og har difor utarbeide eigenvurderingsskjema knytt til **barnehagelova §§ 24 – 26 og § 30**, som omhandlar høvesvis krav til styrar, krav til tilstrekkeleg bemanning og politiattest. Nærare informasjon om korleis eigenvurderinga skal gjennomførast, er omtalt seinare i dette dokumentet.

### 2. Barnehagemyndighet sitt ansvar

#### Barnehagelova § 10 – Barnehagemyndighet sine plikter

Kommunen er lokal barnehagemyndighet og skal:

- gi rettleiing om regelverket
- påsjå at barnehagane vert drivne i samsvar med barnehagelova og forskrifter
- ha innsyn i dokument og tilgang til barnehagane sine lokale når dette er nødvendig for å utføre tilsynsoppgåvene

Dette inneber at kommunen har det overordna ansvaret for å sikre at alle barn får eit trygt, utviklande og forsvarleg barnehagetilbod.

## Rettleiing frå barnehagemynda

Kvinnherad kommune har gitt rettleiing til barnehageeigarar og styrarar ved to høve (hausten 2025 og våren 2026)

Rettleiinga har mellom anna omfatta:

- minimumskrava til bemanning og pedagogisk bemanning
- drøftingar av kva som kjenneteiknar *tilstrekkeleg bemanning* i praksis
- barnehagen si plikt til å leggja til rette for barn innanfor det ordinære barnehagetilbodet
- krav om heilskapleg vurdering av personalressursar og barnegruppe
- styrar si plikt til fortløpande vurdering av bemanninga
- barnehageeigar sitt ansvar for langsiktig planlegging av personalressursar
- Når skal ein søkje dispensasjon frå utdanningskravet.

## 4. Risikovurdering

Kommunen vil, som del av si «påsjå»-rolle, gjennomføre ei risikovurdering av bemanningssituasjonen i barnehagane. Dette omfattar:

### 4.1 Kartlegging av tilgjengeleg kunnskap

Kommunen innhentar og nyttiggjer seg informasjon som allereie ligg føre, som:

- årsmeldingar frå barnehagane
- brukarundersøkingar
- meldingar frå foreldre, tilsette og barnevern
- erfaringar frå vedtaksforvaltning, t.d. §§ 31 og 37, og dispensasjonssøknader

### 4.2 Kunnskapsgrunnlag ein manglar

For å få eit heilskapleg bilete vil kommunen etterspørje:

- fráværstatistikk
- ytterlegare dokumentasjon som viser korleis barnehagane vurderer og sikrar forsvarleg bemanning

### 4.3 Formål med risikovurderinga

- Målet er å vurdere om barnehagen si grunnbemanning og pedagogiske bemanning er tilstrekkeleg til å drive ein tilfredsstillande pedagogisk verksemd i tråd med barnehagelova §§ 25 og 26.

## 5. Om tilsyn – kommunens ansvar og verkemiddel

### Barnehagelova kapittel X – Tilsyn

#### § 53. Kommunens tilsyn

Kommunen skal føre tilsyn med at barnehagane vert drivne i samsvar med lov og forskrift. Dette omfattar m.a.:

- vurdering av bemanning og pedagogisk verksemd
- vurdering av styring, leiing og kvalitet
- innhenting av relevante dokument

Barnehagane skal leggje fram nødvendige opplysningar utan hinder av teieplikt og gi kommunen tilgang til lokala.

Dersom kommunen avdekkjer uforsvarlege eller ulovlege forhold, kan det gjevast:

- **pålegg om retting,**
- **tidsavgrensa eller varig stenging,** dersom pålegg ikkje vert etterkome.

Foreldrerådet skal få uttale seg før stenging vert vedteken.

## 6. Relevante lovkrav

### § 24 – Krav om styrar

Barnehagen skal ha forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing. Styrar skal ha barnehagelærerutdanning eller anna høgskuleutdanning med barnehagefagleg kompetanse.

### § 25 – Pedagogisk bemanning

Pedagogiske leiarar skal ha barnehagelærerutdanning eller likeverdig utdanning med påbygg i barnehagepedagogikk.

### § 26 – Grunnbemanning

Bemanninga skal vere tilstrekkeleg til at personalet kan drive ein tilfredsstillande pedagogisk verksemd.

### § 30 – Politiattest

Alle som arbeider i barnehagen skal levere politiattest.

## 7. Gjennomføring av eigenvurderinga

Eigenvurderinga skal fungere som ein del av kommunen si risikovurdering og vil inngå som kunnskapsgrunnlag for eventuelle tilsyn.

### Eigenvurderinga skal gi svar på:

- korleis barnehagen vurderer eigen grunnbemanning
- korleis barnehagen vurderer pedagogisk bemanning
- korleis barnehagen sikrar forsvarleg drift ved fråvær
- kva rutinar barnehagen har når bemanninga er låg
- korleis barnehagen planlegg, evaluerer og følgjer opp bemanningssituasjonen
- korleis styrar utøver sitt daglege ansvar

### Kunnskapsgrunnlag frå eigenvurderinga skal omfatte:

- bemanningsplanar
- vaktplanar
- rutinar for fråværsoppfølging
- risikovurderingar
- årshjul, årsplan og vurderingsarbeid
- statistikk over sjukefråvær og vikarbruk
- vurderingar og prioriteringar knytt til drift ved låg bemanning

## 8. Vidare prosess og tilsynsvurdering

### 8.1 Val av barnehagar for tilsyn

Kommunen vil velje ut eit tal barnehagar basert på ei heilskapleg vurdering av:

- innhenta dokumentasjon
- risikofaktorar
- tidlegare tilsyn
- informasjon frå brukarar og tilsette

### 8.2 Metodikk for tilsyn

Tilsynet kan omfatte:

- dokumentgjennomgang
- stadleg tilsyn
- intervju med styrar, tilsette og eventuelt verneombod
- stikkprøver over tid, spesielt ved kjende bemanningsutfordringar

### 8.3 Kriterium for vurdering av tilstrekkeleg bemanning

Kommunen vil mellom anna vurdere:

- om barnehagen får planlagt, gjennomført og evaluert pedagogisk verksemd

- om bemanninga er stabil og forsvarleg gjennom heile dagen
- om det er rutinar for å setje inn vikar ved fråvær
- om det vert brukt tiltak ved låg bemanning, t.d. redusert opningstid eller støttepersonell
- om vurderingsarbeidet er systematisk og dokumentert

## 9. Vedlegg

1. Eigenvurdering bemanning og forsvarleg drift 2026
2. Skjema for innhenting av opplysningar for fråvær i barnehagen

## Innsending av eigenvurdering og fråværsstatestikk for barnehagane

Dei private barnehagane skal svare ut eigenvurdering og fråværsstatestikk, leggje ved nødvendige vedlegg og sende dette til Kvinnherad kommune Rosendalsvegen 10 5470 Rosendal.

Organisasjonsnummer: 964967636

Dei kommunale barnehagane skal svarer ut eigenvurderinga og fråværsstatestikken, med nødvendige vedlegg, i internkontrollmappa si i Element.

**Frist for innsending 30.06.2026.**

Med helsing  
KVINNHERAD KOMMUNE

Signy Aarre Prestnes  
*Rådgjevar barnehage/Barnehagemynde*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*